

Dei song med Røysterett for alle

12.11.2009



Svein Rimestad leia allsangen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

SYNG MED OSS var oppmodinga som Røysterett for alle kom med då koret torsdag kveld inviterte til eit musikalsk treff i kantina på Husnestunet.

Det var bra frammøte og treffet vart ei triveleg samkome som gjerne bør kopierast på andre institusjonar.

På sett og vis kan det seiast at koret på denne måten skapte nytt liv i ein gamal tradisjon. Veteranane i koret mintes institusjonsbesøk i tidlegare år.

Kombinasjonen av Røysterett for alle og Kvinnherad Trekkspelklubb slår alltid godt an og slik var det også også denne gongen. Dei utfyller kvarandre og skapar ein musikalsk heilheit.

Rett nok var det berre halvparten av musikarane som stilte opp denne kvelden, men musikalsk leiar Nils Nåsen hadde heilt rett då han antyda at dei ikkje var musikalsk amputerte av den grunn.

Dei fire som møtte spela så det kribla i dansefoten og til avslutningsnummeret trampeklappa tilhøyrarane i polkatakt!

Koret - dirigert av Maria Malmsten - presenterte gjennom to avdelingar eit fint tverrsnitt av sitt etterkvart rikhaldige og allsidige repertoar og allsangen vart leia av korets leiar Svein Rimestad.

Rikhaldig servering av kaker og kaffi sto sjølvsagt også på programmet saman med utlodning.

Av Ola Matti Mathisen



Røysterett for alle song eit fint tverrsnitt av repertoaret sitt. (Foto: Ola Matti Mathisen)